



# ULSTEIN KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

## A

**Utval:** Ulstein kontrollutval  
**Møtestad:** Ulstein rådhus, møterom Kommunestyresalen  
**Dato:** 07.09.2020  
**Tid:** 13.00 – 16.05

### Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Ivar Mork	Leiar
Asbjørn Gausdal	Nestleiar
Knut Kleiven	Medlem
Berit Lyngstad	Medlem. Frå sak 29.
Gerd Bang Brevik	Medlem

### Faste medlemmer som ikkje møtte:

### Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for
------	-----------

### Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar Vest Kontroll

### Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor. Frå sak 31.

### Frå administrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Verner Larsen	Kommunedirektør. Heile møtet men spesielt i sak 30 og 36.
Knut Erik Engh	Ordførar. Gikk frå møtet under sak 36.
Marit Botnen	Kommunalsjef for helse og omsorgsetaten. I sak 30.
Aage Christensen	Dagleg leiar i UEKF. I sak 31.
Per Dimmen	Prosjektleiar i UEKF. I sak 31.

## **SAKLISTE**

- SAK 26/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 27/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 28/20 MELDINGAR
- SAK 29/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 30/20 ORIENTERING FRÅ ORDFØRAR OG KOMMUNEDRIKTØREN - VELFERDSTEKNOLOGI
- SAK 31/20 ORIENTERING FRÅ UEKF OM BYGGING AV NY ULSTEIN BARNESKULE – STATUS
- SAK 32/20 KOMMUNESTYRET SI PRAKTISERING AV FJERNMØTE I KOMMUNESTYRET
- SAK 33/20 TERTIALRAPPORTERING 1. TERTIAL 2020
- SAK 34/20 SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING
- SAK 35/20 ETTERLEVELSESKONTROLL
- SAK 36/20 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – KOMMUNEN OG SELSKAP
- SAK 37/20 SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

SAKER SOM MÅTTE KOME TIL.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/20	033	21.08.2020	07.09.2020	KS

## **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL**

### **Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Saklista kan tilpassast dei som kjem å orienterer.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Asbjørn Gausdal.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/20	049	21.08.2020	07.09.2020	KS

## **GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 14.05.2020 med drøfting av sak **SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING** på slutten av møtet - for å vurdere om det er ei sak kontrollutvalet skal ta opp seinare.

### **Vedlegg**

Møteprotokollen frå møtet 14.05.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
28/20	033&17	21.08.2020	07.09.2020	KS/JS

## **MELDINGAR**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

### **Vedlegg**

1. Dokument frå Ulstein kommune. «Årsplan for kontrollutvalet».
2. Frå avisa Kommunal Rapport, 18.06.2020. «Mener for få anmelder økonomisk kriminalitet».
3. Frå bladet kommunal økonomi nr. 5 mai 2020. «Kommunelovens krav til økonomisk bærekraft – hvordan ivaretar kommuneregnskapet en måling av økonomisk bærekraft».
4. Utskrift frå kommunestyret sin møteprotokoll. Sak 38/20 Årsrapport for Ulstein kommune 2019 og 39/20 Kommunerekneskapen.
5. Utskrift frå kommunestyret sin møteprotokoll. Sak 41/20 Årsmelding og rekneskap UEFK 2019.
6. E-post, av 02.06.2020. «Spørsmål om møteplan 2020».

### **I møtet**

Dagleg leiar i Vest kontroll orienterte om valet til styret i samarbeidet Vest kontroll.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
29/20	033&58	28.08.2020	07.09.2020	KS

## GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.).

Dokumenta finn ein på Ulstein kommune si heimeside -

<https://innsyn.ulstein.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

### Møteprotokollar til gjennomgang (merka med feit skrift):

Administrasjonsutvalet:	21.04			
Arbeidsutvalet for utgreiing av kommunal barnehage:				
Fellesrådet:	14.04	<b>12.05</b>	<b>09.06</b>	<b>25.08</b>
Formannskapet:	21.04	<b>19.05</b>	<b>16.06</b>	<b>11.08</b>
Formannskapet som klageorgan:		<b>11.08</b>		
Kommunestyret:	23.04	<b>28.05</b>	<b>18.06</b>	
Levekårsutvalet:	15.04	<b>13.05</b>	<b>09.06</b>	
Nammenemnda:				
Skattetakstnemnda:	13.02			
Styret i UEKF:	27.01	<b>04.05</b>	<b>25.05</b>	<b>15.06</b>
Teknisk utval:	16.04	<b>14.05</b>	<b>15.06</b>	<b>02.07</b>
Ungdomsrådet:				
Valutval:	03.02			
Viltnemnda:		<b>13.05</b>	<b>17.06</b>	
SSR IKS – styret				Sendt til leiar
SSR IKS – representantskapet				Sendt til leiar

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
30/20	030&18	21.08.2020	07.09.2020	KS/JS

## ORIENTERING FRÅ ORDFØRAREN OG KOMMUNEDIREKTØREN - VELFERDSTEKNOLOGI

### Samrøystes vedtak

Orienteringa frå ordføraren og kommunedirektøren vert teke til vitende

### I møtet

Ordførar Knut Erik Engh, kommunedirektør Verner Larsen og kommunalsjef Marit Botnen orienterte, bl.a. ved PowerPoint og svara på spørsmål.

PowerPointen vil bli lagt på saka (heimesida til kontrollutvalet og i arkivet).

### Saksopplysningar

Ordføraren og kommunedirektøren vert kalla inn til møte for å orienterer om velferdsteknologi.

I møtet 14.05.2020 sak 20/20 foreslo leiar i kontrollutvalet at utvalet seinare får orientering frå ordførar og kommunedirektør om utvikling av velferdsteknologi.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
31/20	030&18	27.08.2020	07.08.2020	KS/JS

### ORIENTERING FRÅ UEKF OM BYGGING AV NY ULSTEIN BARNESKULE – STATUS

#### Samrøystes vedtak

Orienteringa frå dagleg leiar Aage Christensen i UEKF vert teken til vitende.

#### I møtet

Dagleg leiar Aage Christensen og prosjektleiar Per Dimmen orienterte m.a. ved hjelp av PowerPoint.

PowerPointen vil bli lagt på saka (heimesida til kontrollutvalet og i arkivet).

#### Vedlegg

Ingen.

### Saksopplysningar

Dagleg leiar Aage Christensen vert kalla inn for å orientere og svare på spørsmål om status på bygging av ny Ulstein barneskule.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
32/20	033	24.08.2020	07.09.2020	KK

### KOMMUNESTYRET SI PRAKTISERING AV FJERNMØTE I KOMMUNESTYRET

#### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet finn ikkje å ville gå nærare inn i kommunestyret si saksbehandling i tilknytning til møte 23.04.2020.
2. Kontrollutvalet minner om dei materielle vilkåra og dei formelle krava til saksbehandling og vedtak når det er aktuelt å lukke eit møte.

#### Vedlegg

- Protokoll frå kommunestyremøte den 23.04.2020
- Brev av 20.05.2020 frå Ulstein kommune, Demokrati og kommunikasjon v/ Svein Arne Orvik til Vest kontrollvedkomande digitalt kommunestyremøte

### Saksopplysningar

I møte 14.05.2020, sak 19/20 gjorde kontrollutvalet i Ulstein slikt vedtak under pkt. 1:

- Kontrollutvalet viser til det digitale kommunestyremøtet og ber om utgreiing frå sekretariatet om møtet vart arrangert i samsvar med gjeldande regelverk, særleg m.o.t. lukking av møte i sak 23.04.2020.

### 1. Spørsmål om saksbehandlinga for kommunestyret

Kontrollutvalet sin kontroll omfattar prinsipielt ikkje kommunestyret. Kontrollutvalet er heller ikkje eit klageorgan.

I dette ligg at kontrollutvalet har ikkje høve til å føre kontroll med kommunestyret eller med politiske prioriteringar som er gjort av folkevalt organ. Kontrollutvalet kan likevel uttale seg dersom kommunestyret eller eit anna folkevalt organ er i ferd med å treffe, eller har gjort, eit ulovleg vedtak.

Vi kan ikkje utan vidare sjå at nokon av vedtaka frå møtet 23.04.2020 kan vere ulovlege.

Det vert elles synt til vedlagde brev av 20.05.2020 frå Ulstein kommune, Demokrati og kommunikasjon v/ Svein Arne Orvik til Vest kontrollvedkomande digitalt kommunestyremøte. Også i dette brevet er konklusjonen at «det gjeldande regelverket» vart fylgt.

Av desse grunnar synest det ikkje å vere aktuelt å gå nærare inn i saksbehandlinga eller saker som vart behandla i det aktuelle kommunestyremøtet.

### 2. Fjernmøte mv.

I høve til den **protokollmerkningen** som vart lagd fram av representanten Magne Gurskevik under kommunestyret si sak 18/20 kan vi likevel på generelt grunnlag uttale følgjande:

Kommunelova § 11-7 første ledd gir kommunestyret høve til å nytte dei teknologiske mulegheitene som finst til å gi løyve til at møte i kommunale organ kan haldast som fjernmøte. Kommunestyret sjølv kan, utan å ha vedtatt det på forhand, halde møte som fjernmøte.

I eit fjernmøte etter § 11-7 skal deltakarane både kunne sjå, høyre og kommunisere med kvarandre i sanntid, jfr. andre ledd. Vidare gjeld dei same saksbehandlingsreglane som for møte der deltakarane er fysisk til stades. Fjernmøte skal innkallast og kunngjerast på vanleg måte og dei skal dessutan vere opne for ålmenta.

I medhald av lova har KMD den 13.03.2020 vedtatt «Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner for å begrense spredning av Covid-19».

Forskrifta blei til som ei hasteforskrift og den gav utvida høve til å halde fjernmøter fram til 01.08.2020. Etter forskrifta er det **ikkje eit krav** at kommunestyret har **gitt** det folkevalde organet **høve til** fjernmøte etter §11-7. Det vert vidare gjort unntak for kravet om at deltakarane skal kunne sjå kvarandre. Det betyr at møte kan haldast som telefonmøte utan kamera. Slike møte vil i praksis ikkje vere så lett tilgjengelege for ålmenta.

Departementet oppmodar difor kommunane om å nytte tekniske løysingar og m.a. gjere lydfiler eller video tilgjengelege i etterkant av møtet.

Det har vore reist prinsipiell kritikk mot at prinsippet **om møteoffentlegheit og demokratisk innsyn** på denne måten vert sett til side. Det vert hevda at politiske vedtak må treffast på ein gjennomsiiktig måte for å bli forstått og akseptert. Fjernmøte i foldevalde organ skal då framleis vere offentlege, men det er unntak frå dette dersom teknisk utstyr ikkje er på plass til å sikre dette.

Situasjonen med koronakrisen er imidlertid definert som **ekstraordinær**. Departementet har late dette vege tyngre enn prinsippet om at ålmenta skal ha tilgong til møte i folkevalde organ, sjølv om slik openheit er grunnleggjande for lokaldemokratiet.

Som eit **alternativ** kan kommunestyret delegere **hastekompetanse**, for eksempel til formannskapet eller ordføraren, med mynde til å gjennomføre hastesaker etter kommunelova § 11-8. Hasteparagrafen inneheld reglar om skriftleg saksbehandling, noko som kan vere eit alternativ til hastefjernmøter.

Nokre kommunar valde å **avlyse kommunestyremøte** og at formannskapet kunne vurdere å nytte hasteparagrafen (§ 11-8) når det var praktisk umuleg å innkalle kommunestyret.

Ved midlertidig lov av 17.04.2020 nr. 27 vart det som Covid-19-tiltak gjort unntak som skal gjelde i tida 17.04. – 16.09.2020 frå m.a. kommunelova § 11-7.

### 3. Lukking av møtet ved behandling av ei konkret sak

I **Politisk reglement**, vedteke den 20.06.2019 i Ulstein kommunestyre heiter det om dette temaet:

#### «2.7 Møteoffentlegheit

Utdrag frå kommunelova:

#### **§ 11-5. Møteoffentlighet**

*Alle har rett til å være til stede i møter i folkevalgte organer dersom ikke noe annet følger av denne paragrafen.*

*Et folkevalgt organ skal vedta å lukke et møte når det skal behandle en sak som angår en arbeidstakers tjenstlige forhold. Organet skal også vedta å lukke et møte når det behandler en sak som inneholder opplysninger som er omfattet av lovbestemt taushetsplikt.*

*Et folkevalgt organ kan vedta å lukke et møte hvis ett av følgende vilkår er oppfylt:*

*a) Hensynet til personvern krever at møtet lukkes.*

*b) Hensynet til tungtveiende offentlige interesser tilsier at møtet lukkes, og det vil komme fram opplysninger i møtet som kunne ha vært unntatt fra innsyn etter offentleglova hvis de hadde stått i et dokument.*

[...]

*Et folkevalgt organ eller møtelederen kan vedta at en debatt om lukking av et møte skal holdes i lukket møte. En avstemning om eventuell lukking av et møte skal holdes i åpent møte.*

Når ei sak blir handsama for lukka dører, pliktar dei som er tilstade å teie om opplysningar som er omfatta av lovbestemt teieplikt.»

Desse saksbehandlings- /prosessreglane som går fram av kommunelova § 11-5 femte (siste) ledd slår fast at sjølv om debatten om lukking eventuelt går føre seg for lukka dører, så skal sjølve avstemninga av spørsmålet om lukking gå føre seg i ope møte.

Når det vert gjort vedtak om lukking av dørene skal det opplysast i møteboka om kva for heimel, eventuelt heimlar, i lova som ligg til grunn for vedtaket om lukking.

Når det gjeld prinsippet om kommunal møteoffentlegheit kan det vere grunn til å minne om det som er uttala i forarbeida til kommunelova:

*"Føresegna ..... om møteoffentlegheit er ei rettsføresegn. Det inneber at alle som ønskjer det, har rett til å vere til stades på møta i folkevalde organ, så lenge ikkje noko anna følgjer av vedtak etter § 31 eller § 31a nr. 3. At møte blir halde for opne dører, inneber at alle som ønskjer det, kan vere til stades i møta, men utan tale-, forslags- og røysterett" (Prop. 152 L (Endringar i kommuneloven, møteoffentlegheit, 2009-2010, side 44).*

Omsyna bak reglane er at ålmenta skal sikrast høve til å øve påverknad på kommunale avgjerder og at det skal kunne utøvast kontroll.

Vi går i denne omgang ikkje nærare inn på dei materielle og formelle vilkåra for å kunne lukke eit offentleg møte.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
33/20	212	20.08.2020	07.09.2020	JSa

## TERTIALRAPPORTERING 1. TERTIAL 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek kommunestyresak 71/20 – om tertialrapportering januar-april 2020 til vitande.

### Vedlegg

1. Saksframlegg til utval, formannskap og kommunestyret datert 27.05.2020 - kommunestyresak 071/20 18. juni 2020
2. Finansrapport Ulstein Kommune januar-april 2020
3. Finansrapport Ulstein Eigedom KF januar-april 2020
4. Saksframlegg til Formannskapet sak 57/20 og Kommunestyret sak 71/20

### Saksopplysning:

1. Administrasjonen har lagt ned mykje arbeid i ei omfattande tertialrapportering.
2. Fleire tenesteområder har betydelege utfordringar med å halde seg innanfor budsjettammene uavhengig av covid-19.
3. Kommunedirektøren har fått i oppgåve å sette i verk tiltak for å avgrense meirforbruk.
4. Pga. koronapandemien er det utfordrande å forutsjå det økonomiske resultatet for 2020. Vidare er det usikkerhet om kor mykje staten kjem til å dekke av meirkostnadar pga. pandemien.
5. Det blir rapportert om følgande avvik:

Folkevalde, sentraladministrasjon	-1,3 mill.	meirforbruk
Oppvekst, kultur	-0,8 «	«
Teknisk Etat	-1,1 «	«
Helse og omsorg	-8,0 «	«
Skatteinntekter, rammetilskot	<u>+5,3 «</u>	«
Netto avvik	<u>-6,0 mill.</u>	netto meirforbruk
6. Uavhengig av covid-19 anslår administrasjonen eit underskot på kr 15 mill. for 2020.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
34/20	217	28.08.2020	07.09.2020	JS

## SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS sjå etter om rekneskapen 2019 for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS gir informasjon om Kommunestyret sitt vedtak i sak 94/19 Selskapskontroll av SSR IKS er følgt opp når det gjeld forvaltningsrevisjonsdelen.
2. Kontrollutvalet ber ordføreren gi tilbakemelding på oppfølging av eigarskapsdelen i Selskapskontrollen.

### Vedlegg

1. Tilbakemeldinga frå SSR IKS AV 20.12.2019
2. Representantskapsbehandlinga av rekneskap og årsmelding
3. Årsrapport 2019
4. Frå saka i kommunestyret (128/19) og kontrollutvalet (39/19)

### Saksopplysningar

Kommunestyret behandla saka Selskapskontroll av SSR IKS i sak 128/19 og gjorde slikt vedtak:

1. Kommunestyret tek rapporten frå selskapskontroll (eigarskapskontroll, budsjettstyring, innkjøp/innkjøpsrutinar/innkjøpspraksis og forvaltningsrevisjon), utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til vitende.
2. Kommunestyret vil peike på at vedtekne rutinar skal følgjast og kommunen sine representantskapsmedlemer har som eigarrepresentantar eit spesielt ansvar for oppfølginga overfor selskapet.
3. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og set i verk dei tiltak som er nødvendige for å tilfredstille gjeldande regelverk. Sjå revisor sin vurdering/konklusjon.
4. Representantskapet og selskapet sine organ gir tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet innan 15.03.2020.

SSR IKS sende tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet 20.12.2019, jf vedlegg 1. Begge organa tok tilbakemeldinga til vitende. Men kontrollutvalet vedtok i sak 11/20:

Kontrollutvalet tek opp oppfølging av selskapskontrollen av Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS når rekneskapen for 2019 ligg føre.

### Vurdering

Vi viser Kommunestyret sitt vedtak i sak 128/19 og vedtaket i kontrollutvalssak 11/20 samt vedlegga i saka. Ut frå det som kjem fram kan det sjå ut til SSR IKS ikkje fullt ut har imøtekome det kommunestyret gjorde vedtak om i samband med selskapskontrollen. For å få til fullstendig klargjering bør Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, som utførte selskapskontrollen og kjenner godt til detaljane i undersøkinga, få i oppdrag å sjå at selskapet har utført oppfølginga i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

Ordføreren bør også utfordrast på om det som var peika på i eigarskapsdelen er/vert følgt opp.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
35/20	216	27.08.2020	07.09.2020	JSa

## ETTERLEVELSESKONTROLL

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek revisjonen sin etterlevelseskontroll til vitande.

### Vedlegg

Etterlevelseskontroll datert 03.07.2020 utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon.

### I møtet

Oppdragsansvarleg Halldis Moltu gjorde ei orientering. Utover orienteringa viser ein til vedlegget.

### Saksopplysningar

- Ny kommunelov stiller i § 24.9 krav til at revisjonen utfører forenkla etterlevelseskontroll av økonomiforvaltninga. Dette lovkravet er nytt.
- Revisjonen skal sjå til at kommunen si økonomiforvaltning i hovudsak skjer i samsvar med bestemmelsar og vedtak.
- Område som skal veljast ut er basert på revisor sitt skjønn og risiko- og vesentlegheitsvurdering.
- Kontrollen er utført for rekneskapsåret 2019.
- Uvesentlege avvik er registrert i kontrollen, sjå konklusjonen.
- Sjå forøvrig revisjonen sin rapport.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
36/20	217	21.08.2020	07.09.2020	JS

## PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – KOMMUNEN OG SELSKAP

### Samrøystes vedtak

Saka vert utsett for ferdiggjering i neste møte.

### I møtet

Kontrollutvalet har førebels desse tankane for prosjekt:

- Område innan PPT tenesta
- Vedlikehald kommunale bygg
- Oppfølging av brukarbetaling i institusjon
- Utvalet vil oppmode Volda kommunestyre og kontrollutvalet om å prioritere eit prosjekt innan barnevern i perioden og ber sekretariatet ta med seg dette til kontrollutvalet i Volda.

Kontrollutvalet vil ta igjen saka og prioriteringa i neste møte.

### Forslag til innstilling

1. Kommunestyret vedtek å prioritere flg. forvaltningsprosjekt i planperioden:

- ..
- ...
- ....
- .....

2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å vedta prioritetsrekkefylje og evt. leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.
3. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
4. Kommunestyret ber Volda kommunestyret og kontrollutvalet i Volda om å prioritere eit prosjekt innan barnevern.
5. Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.
6. Kommunestyret registrerer at utføring av forvaltningsrevisjonsprosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Fylkesmannen).

### **I møtet**

Sekretariatet orienterte om at forvaltningsrevisjon i selskap no må prioriterast i denne saka. Omgrepet selskapskontroll går ut og vil no heite eigarskapskontroll, ei sak kontrollutvalet vil få til behandling seinare. Det vart og framført ynskjemålet frå kontrollutvalet og kommunestyret i Ørsta om forvaltningsprosjekt på PPT området, samt same ynskjemålet frå kontrollutvalet i Herøy.

Forvaltningsrevisor gikk igjennom den overordna analysen og risikovurdering.

### **Vedlegg**

1. Overordna analyse, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.
2. Risikovurdering, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

### **Saksopplysningar**

#### Forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-2 bokstav c) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen sin verksemd og selskap kommunen har eigarinteresse i. § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målnnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

#### Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 andre ledd set krav om at det skal utarbeidast plan for forvaltningsrevisjon:

«Kontrollutvalget skal minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner».

Kommunelova § 23-3 femte ledd slår fast at det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon, men dei kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen

#### Risiko- vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-3 tredje ledd stiller krav om at planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

«Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper».

I avtalen kontrollutvalet har med Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS går det fram at dei skal utarbeide overordna analyse og risikovurdering. Desse er lagt ved saka.

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si verksemd tek utgangspunkt i risiko for manglar eller avvik knytt til produktivitet, måloppnåing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, internkontroll og/eller effektivitet. Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap har teke utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sin vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. I tillegg har det blitt vurdert kor vesentleg selskapa er for kommunen, med utgangspunkt i brukarperspektivet/samfunnsnyttan og dei økonomiske interessene dei representerer for kommunen.

#### Koordinering i utføring av prosjekt

Utføring av forvaltningsrevisjonsprosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Fylkesmannen).

#### Problemstillingane i eit forvaltningsprosjekt

Kontrollutvalet og sekretariatet vil i samband med behandling av prosjektplan avgjere problemstillingane i samarbeid med revisjon.

#### Selskap

Eventuelle forvaltningsprosjekt på selskap der kommunen har eigarinteresser må prioriterast i denne planen. Sjå overordna analyse pkt. 7 frå side 39.

#### Prosjekt som er utfør siste åra

Kommunen:

2013 Omsorgsløn

2014: Omsorgsløn oppfølgingsprosjekt

2016: Sjølvkost vatn og avløp

2017: Tidleg innsats barnehage og skule

2018/2019: Innkjøp

Selskap:

2011 Tussa AS

2019 Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

#### Aktuelle forvaltningsprosjekt

Ut frå dokumenta Overordna analyse og Risikovurdering peikar revisjonen på flg. aktuelle prosjekt (Ikkje prioritert rekkefølge). Jf. Risikovurdering pkt 2 side 22:

Nedanfor går det fram oversikt over aktuelle forvaltningsprosjekt som kan vere aktuelle, og som kontrollutvalet kan ta utgangspunkt i, når dei legg sin plan for forvaltningsrevisjon i komande periode. Oversikta er utarbeida med bakgrunn overordna analysen, risikovurderinga og Kommunedirektøren si tilbakemelding. Dei aktuelle prosjekta er inndelt etter eining/område:

#### **Sentraladministrasjon**

Avvik / avvikshandtering (eining/sector)

Etikk/ Varsling

Arkiv

Journalføring/innsyn

#### **Økonomi:**

Økonomistyring og budsjettoppfølging

Kvalitet på den økonomiske rapporteringa

- Innkjøp (eining/sector) (oppfølgingsprosjekt?)

### **Teknisk**

- Sjølvkost vatn og avløp (oppfølgingsprosjekt?)
- Sakshandsaming byggjesaker (plan og bygningslova)
- Forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg
- Forvaltning av inventar og utstyr.
- Beredskap (ROS-analyse og beredskapsplan)

### **Oppvekst**

- Barnehagetilskot
- Kvalitet i barnehagen (kompetanse, bemanning)
- Spesialundervisning
- Mobbing
- Barnevern (oppfølgingsprosjekt?)
- Utredningskapasitet og førebyggjande arbeid i PP-tenesta

### **NAV/Økonomisk sosialhjelp**

- Sakshandsaming økonomisk sosialhjelp
- Aktivitetsplikt

### **Helse/ Pleie og Omsorg**

- Kvalitet/avviksrapportering
- Sakshandsaming/vedtaksoppfølging (teneste/område, evt. oppfølgingsprosjekt omsorgsløn?)

### Plan for eigarskapskontroll

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap skal ta utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sin vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

Jf. kommunelova § 23-4.

Før denne saka vert lagt fram er det viktig at kommunen har vedteke sin plan for eigarskapsstyring. Jf. kommunelova § 26-1.

Sekretariatet vil seinare kome tilbake med eiga sak for eigarskapskontroll.

**Det vert elles vist til dokumenta Overordna analyse** (vedlegg 1 til saka) og **Risikovurdering** (vedlegg 2 til saka).

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
37/20	033	07.09.2020	07.09.2020	KU

## **SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING**

### **I møte**

Etter innspel drøfta kontrollutvalet ei sak som er under politisk handsaming. Først når saka er politisk ferdighandsama kan kontrollutvalet eventuelt sjå om der er noko i sakshandsaminga som ligg til kontrollutvalet å vurdere.

### **Møtet slutt.**

Ivar Mork  
Leiar

Asbjørn Gausdal  
Nestleiar

**Utskift til:** Kommunestyret som melding.  
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.  
Ordførar og kommunedirektør til orientering.